

Svart teppe opp i Skårhaug

19.08.2009



Onsdag kveld hadde firmaet NCC fått på plass det etterlengta, sverte teppet opp i Skårhaug. Å få asfalt i den svært bratte Skårhaugvegen og på nokre stikkvegar betyr svært mykje for oppsittarane som i alle år har slete med grusvegen.

No er det lagt mellom 600 og 700 kvadratmeter asfalt på ein rundt rekna 80 meter lang strekning.

Det gjeld på hovudvegen frå riksvegen og såvidt forbi den skarpe svingen og heilt eller delvis på stikkvegar inn mot Ragnhild og Svein Myklebust, Alf Eidsvik, Nils Haugland og Hans Gustav Musland.

På biletet under driv NCC-gjengen og legg asfalt inntil veggen hos Myklebust og på biletet over ligg det svarte teppet oppover frå riksvegen klart og innbydande.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

